

Nissedal 05.09.2017

## **Kommentar til klage på løyve til byggjing av Klovfoss kraftverk frå Naturvernforbundet**

Som ein av grunneigarane ynskjer vi å kommentere klaga frå Naturvernforbundet på vedtaket om å byggje ut Klovfoss kraftverk.

Naturvernforbundet argumenterar i si klage for at sitat:  
*"naturmangfoldloven §10 sier at enhver har rett på et miljø som sikrer helsen og en natur der produksjonsevne og mangfold bevares"*

– Vasskraft er ei miljøvenleg og fornybar kjelde til energi, og på global basis er utvikling av nye kjelder til energi med på nettopp å forvalte naturen og naturressursane på ein betre måte enn det vi gjer i dag. Vi kan vel knapt gjere noko betre for helsa, enn å leggje til rette for at det vert mindre bruk av ikkje-fornybare energikjelder i verda. Dette kraftverket åleine er sjølvsagt ein dråpe i havet i denne samanhengen, men vi er ikkje einige i Naturvernforbundets slutning om at ulempen er større enn nytten sett i eit langsiktig, heilskapleg perspektiv.

Det å forvalte naturens ressursar på ein god måte, er, sjølv om Naturvernforbundets representant her sikkert ikkje trur på oss, ein av våre viktigste drivkrefter i vårt daglege arbeid.

Som grunneigarar, som bedriftsleiarar og som deltakar i samfunnet, har ein eit ansvar for å gjere nettopp dette – forvalte ressursane på best mogeleg måte. Naturvernforbundet peikar blant anna på Nisser hyttegrend og camping sin utvikling av Pålehytta, som er ei hytte i vasskanten som noko negativt– denne er nettopp eit steg i retning av betre forvaltning av naturressursane, den er arbeidd fram med tanke på bruk av lokale materialer, den har gjeve heilt minimale inngrep i naturen – den kan faktisk fjernast omtrent utan at det vil vere spor att i naturen. Modellen skal vidareutviklast for forsøk på utnytting av endå meir lokal energi, som vindkraft og solkraft, og vi jobbar også med eit prosjekt innanfor bioøkonomi som har som mål å ta endå betre vare på naturens sin produksjonsevne og mangfald lokalt i Nissedal og Vest-Telemark.

Naturvernforbundet peikar på at natur og naturopplevingar er av distrikta sine viktigaste ressursar, og det har dei heilt rett i. Det vi

tydelegvis er grunnleggjande uenige om, er om naturopplevingar vert borte, dårlegare og øydelagde av at det finnast synlege inngrep nokon stader i naturen. Som turistbedrift og turistkommune, opplever vi det stikk motsette. Tilgjengelegheit, eit levande samfunn med det at nokon kan drive verksemdar slik at ein kan bu og leve i grisgrente strøk, gjer at folk brukar naturen her meir, og det var vel det vi ville?

Naturvernforbundet påstår også at det å skape arbeidsplassar i område, som på Fjone, har mindre verdi enn vi har påstått i forrige uttale. Kven har fasiten på dette? Eg anbefalar ein faktasjekk på kva berre ein einaste arbeidsplass i eit slikt område genererer av tilflytting, skatt, behov for skule, barnehage o.l. Berre små bedrifter med nokon få tilsette genererer store ringverknader i eit lite samfunn.

Sitat frå Thema consulting group sin rapport frå august i år:

*Småkraften er ofte lokalisert i distriktene, og en økt årlig inntekt eller kapitaltilførsel (ved salg av fallrettighetene) til den lokale grunneieren kan være utslagsgivende for om lokal bosetning opprettholdes eller ikke. Videre er det også mange eksempler på at grunneierne selv har eierskap i småkraftverkene, og dermed også tjener på salg av kraft og elsertifikater.*

*I tillegg til inntekter gjennom falleien er de fleste småkraftverk avhengig av en viss grad av oppsyn og enkle drift- og vedlikeholdsoppgaver i løpet av året. Dette er oppgaver som ofte utføres av lokale grunneiere og dermed gir en merinntekt i form av lønnskostnader. Anslag fra representanter fra småkraftnæringen THEMA har snakket med anslår det lokale arbeidsbehovet til rundt en tiendedels årsverk per kraftverk<sup>18</sup>.*

*I Norge er opprettholdelse av bosetning i distriktene lenge vært et politisk mål for mange partier. Småkraftverk kan dermed være en betydelig bidragsyter i arbeidet med å oppnå dette målet. I den grad opprettholdelse av lokal bosetning ansees å ha en samfunnsnytte i seg selv, kan dermed falleieavtalens utforming, eiendomsskatten og lokal involvering på eier- og driftssiden være elementer som bør vurderes av beslutningsmyndigheter når konsesjonssøknad skal behandles. ”*

Vi er heilt uenige i at dette er ubetydeleg i denne samanhengen, og vi jobbar kvar einaste dag for å behalde lokale arbeidsplassar i bygda, og om mogeleg skape fleire slik at Fjone og Nissedal skal kunne fortsetje å vere ein god plass å leve, ein god plass å forvalte

naturressursar frå, og ein god plass å vere for dei som er glade i naturen, enten det er dei som vil ha hytte på vatnet, i eit hyttefelt, turgåarar som ynskjer seg milevis av uberørt natur, eller dei som helst vi ta sykkelen eller rullestolen sin opp grusvegen til næraste dam....

Sitat frå rapport av Thema consulting group frå 24.08.2017

*”Mange småkraftverk medfører utbedring eller bygging av veier og annen infrastruktur for å sikre adkomst til kraftverket. Disse veiene har ofte positive nyttevirkninger for lokalmiljøet ved at det øker fremkommeligheten og dermed områdets attraktivitet som turdestinasjon. Videre kan utbedring og utbygging av veier og annen infrastruktur være nyttig for grunneierne ved at bl.a. skogdrift gjøres lettere.”*

Så er det også sjølvsagt eit økonomisk aspekt ved småkraftverk, ikkje nødvendigvis berre for utbyggjar, men for samfunnet, og for Norge A/S, som må bidra til at inntekter frå andre kjelder enn olje skal bli ein del av framtida – og då snakkar vi verkeleg om å forvalte naturressursane rett.

Sitat frå rapport av Thema consulting group frå 24.08.2017:

”Samfunnsnytte av småkraft  
24. august 2017 | [Nyheter](#)

*”Utbygging av småkraft i Norge har gitt betydelige samfunnsmessige virkninger både nasjonalt og regionalt. Prosjektene viser god samfunnsøkonomi. En videre utbygging av småkraftpotensialet kan gi et samlet bidrag til BNP på vel 50 milliarder kroner. Med utgangspunkt i et utvalg på 34 småkraftprosjekter lokalisert i 12 fylker anslår vi at verdiskapingen fra småkraftverkene gir et årlig bidrag til bruttonasjonalproduktet på om lag 2,5 milliarder kroner. En videre utbygging av småkraftpotensialet kan gi et samlet bidrag på vel 50 milliarder kroner over prosjektenes levetid og en sysselsettingseffekt på vel 13 000 årsverk. Prosjektene viser god samfunnsøkonomisk lønnsomhet, mens lønnsomheten for investor er mer usikker. Det er en betydelig økonomisk oppside dersom en større del av prosjektenes klimanytte blir reflektert i kraftprisene.*

*Over 3 TWh norsk småskala vannkraft er godkjent for utbygging av norske reguleringsmyndigheter, men har ennå ikke startet byggearbeidet. Denne rapporten anslår at utbygging av dette potensialet vil kunne bidra med 56 mrd. NOK2017 til BNP og generere sysselsetting på over 13 200 årsverk over kraftverkenes levetid.”*

Åshild Reime og Michael Berggren, Nisser hyttegrend og camping